

**Twisteløysingsnemnda  
etter arbeidsmiljølova**

Vedtaksdato: 30.08.2013  
Ref. nr.: 13/14703  
Saksbehandlar: Mads Backer-Owe

**VEDTAK NR 43/13 I TVISTELØYSINGSNEMNDA**

**Twisteløysingsnemnda heldt møte tysdag 27. august 2013**

Ved behandling av saka var twisteløysingsnemnda satt saman slik:

**Faste medlemmer**

Henning Harborg, leiar  
Anne-Lise H. Rolland, LO  
Elisabeth Lea Strøm, NHO

**Særskilde oppnemnde medlemmer**

Cecilie R. Sæther, KS  
Lene S. Ryland, Utdanningsforbundet

**Saka gjeld**

Tvist om førerett for deltidstilsette etter arbeidsmiljølova § 14-3

**Arbeidstakar**

A

**Arbeidsgivar**

B kommune

## **Det vart treffe slikt vedtak:**

### **Saksframstilling**

A er fast tilsett som lærar i stilling på 58 prosent ved avdeling for vaksenopplæring ved KF Innvandrarsenteret, B kommune.

Våren 2013 vart det frå B kommune utlyst inntil 5 lærar/faglærarstillingar (irekna to vikariat) ved B ungdomsskule og inntil 5 allmennlærarstillingar ved X barneskule. A søkte om fast lærarstillingar begge steder, for slik å få auka si faste stilling til 100 prosent.

Det var tilsettingsmøte i kommunen 12. april 2013. A ble same dag informert av hovudtillitsvald om at kommunen avviste kravet om førerett, med den grunngjeving at føreretten hennar berre gjaldt ved KF Innvandrarsenteret som kommunalt føretak og ikkje ved dei andre einingane i kommunen.

Etter at saka vart brakt inn for nemnda har A fått tilbod om fast stilling på 100 prosent ved KF Innvandrarsenteret frå august 2013.

Saka vart brakt inn for twisteløysingsnemnda ved brev av 19. april 2013. Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngjevingar i saka.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- brev av 19. april 2013
- brev av 27. april 2013
- brev av 13. mai 2013
- brev av 9. juni 2013
- e-post av 13. august 2013

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- brev av 23. mai 2013
- brev av 2. august 2013
- e-post av 20. august 2013

### **Utsegn frå arbeidstakar**

A fører i det vesentlege fram:

Føreretten etter aml. § 14-3 gjeld ikkje berre ved KF Innvandrarsenteret, men i heile kommunen. Det vises blant anna til kommunelova § 61 andre punktum.

Hun er kvalifisert til dei omtvista stillingane. Arbeidsgivar kan ikkje omgå føreretten hennar til dei utlyste stillingane ved å tilby eit vikariat som erstatning for den faste stillinga det vart søkt på.

### **Utsegn frå arbeidsgivar**

B kommune fører i det vesentlege fram:

A har ikkje førerett til dei omstridde stillingane, men kommunen har heile tida vore innstilt på å finne løysingar slik at ho kan få utvida stillinga si – primært ved Innvandrarsenteret der ho no arbeider.

A har i tråd med dette no fått tilbod om utviding til 100 prosent fast stilling ved KF Innvandrarsenteret frå august 2013. Kommunen har slik ivaretatt arbeidstakars rettigheter etter aml. § 14-3.

### **Twisteløysingsnemndas merknader**

Arbeidsmiljølova § 14-3 første ledd fastset at ”deltidsansatte har fortrinnsrett til utvidet stilling fremfor at arbeidsgiver foretar ny ansettelse i virksomheten”. Det er eit vilkår at arbeidstakar er kvalifisert for stillinga og at utøving av retten ikkje fører til vesentlege ulemper for verksemda, jf. § 14-3 andre ledd.

Det går fram av arbeidsgivar sin e-post av 20. august 2013 at A i staden for dei omtvista stillingane no har fått tilbod om utviding til fast stilling på 100 prosent ved KF Innvandrarsenteret.

I det B kommune no har tilbodd A full stilling ved KF Innvandrarsenteret, finn nemnda at arbeidsgivar med dette har oppfylt sin plikt etter arbeidsmiljølova § 14-3. Nemnda kan ikkje sjå at § 14-3 gir arbeidstakar krav på at utviding skal skje ved tildeling av stillinga/arbeidsoppgåvene som er omtala i utlysninga, i alle fall når arbeidsgivar i staden tilbyr ein auking av den stillinga ho allereie har og tilboden ligg innafor verksemdas normale arbeidstidsordning.

Nemnda finn etter dette ikkje grunn til å ta stilling til om A kan sjåast som kvalifisert for dei omtvista lærarstillingane ved B ungdomsskule og X barneskule, om desse stillingane inneheld om lag dei same arbeidsoppgåver som i henna noverande stilling, eller om utøving av førerett til desse vil medføre ein vesentleg ulempa for kommunen.

### **Konklusjon**

Arbeidstakar får ikkje medhald

Twisteløysingsnemnda

Henning Harborg  
leiar

Oslo, 30.08.2013

### **Til orientering:**

Tvist om førerett for deltidstilsette kan bringast inn for domstolane etter at twisteløysingsnemndas vedtak føreligg, jf arbeidsmiljøloven § 17-2 andre ledd. Nemndas

konklusjon står ved lag mens saka er til behandling ved domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

*”Frist for å bringe tvisten inn for domstolene er åtte uker fra det tidspunkt nemndas avgjørelse foreligger”, jf arbeidsmiljølova § 17-2 tredje ledd.*